



Talentfulle Sindre Aksnes imponerer på slagverk i mange musikkssamanhengar. Det gjer han også i HUBB.

Sist helg var om lag 30 ivrige korpsungdommar frå heile fylket på HUBB-samling på Tertnes. Blant musikarane var også denne gangen dei to uskedalingane Sindre Aksnes og Vegard Døssland. Samlinga vart som vanleg avslutta med konsert søndag ettermiddag, og også denne gangen leverte HUBB varene og gav publikum ei flott konsertoppleving.

Influensa og helgeseminar i 3-4korps som skal ut i konnkuranse, var grunnar til at det var ein del forfall til samlinga. Trass dette kunne korpset presentera eit publikumsvennleg program som dei framførte på imponerande is. Under den garva dirigenten Knut-Harald Rydland hadde dei tydelegvis jobba svært godt!!

Repertoaret bestod denne gangen av veldkjende og gamle svisker i gode brassband-arrangement. Dette gav publikum tydeleg uttrykk for at dei sette pris på, og då avslutningsnummeret, marsjen 'Hey, look me over', tona ut, vart dei unge musikarane møtt med velfortent og langvarig applaus.

Hordalands Ungdoms Brass Band (HUBB) er eit svært viktig tiltak. Leiarane Ole-Johan Aarlie og Kjersti Pisani gjer ein fantastisk jobb!! Også for korpsungdommane i vår kommune er det av uvurderleg betydning for utviklinga at dei kjem ut og møter andre i slike samanhengar. Denne gongen var det eit par forfall herfrå, men i tillegg til dei to uskedalingane var også Julie Skeie Olsen (15 år) frå Rosendal skulekorps på samling. Julie spelar soloeuphonium i HUBB. Ho har hatt ei flott musikalsk utvikling, og gjorde ein særdeles god jobb under konserten.

Neste HUBB-samling er 12.-14.april, og eg ser allereie fram til neste konsert med desse talentfulle ungdommane.

Av:Thor Inge Døssland



Vegard Døssland har hatt 6 gode år i HUBB. Fredag kveld spela han med Jazzverket på Husnes, men lørdag føremiddag var han på plass i kornettrekka til HUBB.